

Vår dato	Vår referanse
26.4.2013	13/00656
Deres dato	Deres referanse
21.3.2013	
Saksbehandler	
Brynhild R. Sterri	

Deltasenteret

Norge universelt utformet 2025 - Innspel til vidareføring av regjeringas handlingsplan

Bakgrunn

Regjeringas handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013 vert avslutta ved utgangen av året. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har difor bedt om innspel frå både interesseorganisasjonar, faglege organisasjonar og faginstitusjonar til korleis satsinga på universell utforming av IKT bør følgjast opp frå 2014.

I dette notatet gjer vi greie for tilrådinga frå Direktoratet for forvaltning og IKT, Difi. Fundamentet for innspelet er myndigheitsfunksjonen Difi skal ivareta i samband med iverksetjing av forskrift om universell utforming av IKT-løysingar. Av forarbeida¹ til lova² som heimlar forskrifta, følgjer at «*Det vil bli lagt opp til at Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI), underlagt Fornyings- og administrasjonsdepartementet, skal håndheve tidsfrister for krav om universell utforming av IKT. Hovedansvaret for veiledning vil ligge hos DIFI, men skal gjøres i tett samarbeid med blant annet Deltasenteret og TeleFunkForum. DIFI vil imidlertid fungere som et ekspertorgan for håndhevingen av tilgjengelighetskravene på IKT-området.*»

I eksisterande handlingsplan er IKT eitt av fire satsingsområde. Som fagorgan under Fornyings- administrasjons- og kirkedepartementet (FAD), har Difi eit operativt ansvar for gjennomføring av to tiltak på IKT-området:

- Tiltak IKT1; Hovedprosjekt for å avklare universell utforming innen IKT
- Tiltak IKT2; Universell utforming på internett.

¹ Ot.prp. nr. 44 (2007–2008)

² LOV-2008-06-20-42: Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)

I tillegg arbeider vi med indikatorar for uu av IKT, i samsvar med føringar i handlingsplanen kapittel 3.4.2. Tiltaka er iverksette og er aktuelle for vidareføring, med enkelte justeringar. I tillegg vil opparbeiding av eit kunnskapsgrunnlag med vekt på indikatorutvikling, datainnsamling og analyse, få tung prioritert framover.

Tilråding om vidareføring av handlingsplanen

Handlingsplanen for universell utforming er ein viktig reiskap for implementering av diskriminerings- og tilgjengelegheitslova. Difi vurderer handlingsplanen som eit godt egna tiltak for å støtte opp under både Difi sitt sektoransvar på IKT-området, og sektorovergripande tiltak og samarbeid. Vi tilrår difor at handlingsplanen vert vidareført.

Difi støttar ei vidareføring av nasjonale mål og strategiar som ligg i eksisterande handlingsplan. Med bakgrunn i synspunkta vi gjer greie for over, vil vi ta til orde for at også handlingsplanen sin sektorovergripande funksjon i større grad vert reflektert i overordna mål og strategiar. Tilsvarande gjeld for brukarmedverknad. Ein føresetnad for universell utforming er god kunnskap om brukarbehov. Ein strategi som i større grad forpliktar offentleg sektor til systematisk samhandling med brukarinteresser er difor viktig å framheve.

Innspel om arbeidsområde og tiltak på IKT-området

Tiltaka eller satsingsområda vi særleg ønskjer å framheve i samband med vidareføring av planen, knyter seg både til vidareutvikling av forskrift om universell utforming av IKT, kunnskapsproduksjon og kompetanseheving. Vidare vil vi peike på behovet for tiltak som kan fremje eit tverrsektorielt samarbeid og førebygge uheldige konsekvensar av at fagansvar og myndigheitsutøving er spreidd på fleire etatar. Sjølv om sektoransvaret er viktig med tanke på forankring hjå ulike myndigheitsorgan, kan det likevel representere ei stor utfordring for dei som skal etterleve ulike reguleringar at både myndigheitsfunksjon og informasjons- og rettleiingsansvar er spreidd på fleire aktørar.

- **Vidareutvikling av virkeområdet for forskrift om universell utforming av IKT**

IKT-området har høg utviklingstakt. Utgreiingsarbeid som sikrar ei levande og relevant forskrift er difor særleg relevant. Dette handlar om vurdering av nye teknologiområde, standardar og utviding av virkeområdet til også å dekke utdanning og arbeidsliv.

- **Samordning og samarbeid på tvers av sektorar**

Tverrsektorielt samarbeid og samordning er viktig på fleire område. Sektorlovgivinga kan gi ein noko uoversiktleg regulerings situasjon der grenseflatene mellom ulike regelverk er mange og komplekse. Samarbeid mellom Difi og til dømes Likestillings- og diskrimineringsombodet og myndigheitsutøvarar innan både samferdsle og bygg, er viktig for å bidra til ein mest muleg heilskapleg og oversiktleg regulerings situasjon, og fremje etterleving av ulike regelverk som omhandlar universell utforming av IKT.

På tilsvarande måte vil vi også understreke behovet for å systematisere samarbeidet mellom aktørane det i særleg grad vert peika på i forarbeida til diskriminerings- og tilgjengelegheitslova; LDO, Deltasenteret og Difi. I samband med informasjon og rettleiing, kunnskapsproduksjon og involvering i forskning og utvikling, må det samla fagmiljøet desse aktørane rår over nyttast på best muleg måte. Gjennom eit forpliktande samarbeid kan vi effektivisere ressursbruken og unngå å bygge opp parallelle og for ein stor del overlappende kompetansmiljø i kvar etat for seg.

- **Indikatorar, kunnskapsgrunnlag og kompetansetiltak**

Indikatorutvikling, datainnsamling og analyse er avgjerande for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette vil gi verdifull informasjon om grad av etterleving av regelverket og behov for vidareutvikling. Eit anna viktig perspektiv i denne samanhengen er at kunnskapsgrunnlaget også vil bidra til at både politiske styremakter og utførande organ vil få avgjerdsgrunnlag med eit godt analytisk fundament. Kunnskapsgrunnlaget vil også ligge til grunn for innretting av mellom anna informasjons- og rettleiingsarbeid, kurs- og opplæringsverksemd og strategiar for utøving av myndigheitsfunksjonen.

Reguleringa Difi skal føre tilsyn med, har eit omfattande virkeområde, og vi legg til grunn at behovet for kunnskap om innhaldet i plikta er stort. For å nå flest muleg med avgrensa ressursar, vil utvikling av webbasert/elektronisk informasjons- og rettleiingsmateriell også spele ei viktig rolle for å fremje universell utforming.

Samarbeid mellom myndigheitsaktørane vil også på dette området bidra til ei meir heilskapleg tilnærming til området universell utforming av IKT.

Vennlig hilsen
for Difi

Anne-Marie Colban
Seksjonssjef, avdeling for digital forvaltning